



Dagleg leiar i Manger Frisør og Velvære lovar dusør til dei som klarar å finne kvalifiserte kandidatar til stillingane.

BEGGE FOTO: OLE JACOB RIISE

Slit med å få tak i frisørar:

Lovar dusør til den som kan skaffe dei rette

Manger Frisør og Velvære har søkt to nye tilsette sidan mai, men har ikkje lukkast: - Vi har også ein stor kundemasse, og då blir det ventelister. På det lengste har dei vore på tre til fire veker.

OLE JACOB STRØNEN RIISE
ole.riise@nordhordland.no

Det seier dagleg leiar ved Manger Frisør og Velvære, Liv Marit Klausen.

Salongen gjer det særst bra om dagen, ifølgje Klausen.

- Vi har ein stor, sunn kundemasse her ute på Manger. I desse nye lokala våre, kunne vi lett vore fem frisørar når koronarestriksjonane forsvinn, men i dag er vi berre tre, seier ho.

Ho fortel at med pågangen salongen opplev, treng dei fleire frisørar. Dei har hatt fulle ventelister sidan våren, og 20. juni hadde dei så mange på lis-

ta, at bestillingane måtte fordelast på tre til fire veker.

- Det blir nærast ein fulltidsjobb å berre handtere bestillingane. Vi ønskjer jo ikkje at folk klipper seg andre plassar når vi har ein så stor og fin salong her på Manger.

Lovar bort dusørar med verdi på inntil 5.000 kroner

Etter fire månadar med marknadsføring og dyre annonsar hjå Finn for å lyse ut frisørstillingane, har Klausen bestemd seg for å auke innsatsen.

- No lovar eg ein dusør til dei som finn fram til ein verdig kandidat som ønskjer å jobbe her. Dusøren er valfri behandling eller produkt for ein verdi på 5.000 kroner, seier Klausen.

Idéen fekk ho frå ei veninne som tenkte det ville hjelpe.

Manger Frisør og Velvære søkar altså to kyndige frisørar i full- eller deltidsstilling.

- Så her er det faktisk to dusørar å hente, om kandidatane er gode. Eg håpar dusøren kjem til å hjelpe oss med å få inn nokon,



Klausen tek seg tid til ei hårklipp medan ho snakkar med avisa.

seier Klausen.

Ho vurderer også å ta inn ein lærling ved salongen.

- Vi står klar med raud løpar og ein stor kundemasse til dei som ønskjer å jobbe med oss!

Fryktar det kan bli for mykje jobb

Trass at det er gode tider for salongen på Manger Senter, er

Klausen redd for at det blir mykje av det gode.

Slik det er i dag, jobbar ho i ein stilling på kring 140 prosent.

- Skrekkscenariet mitt er at eg ikkje kjem til å ha tid til å vere ei mor eller kone fordi eg jobbar så mykje. Eg kan ikkje jobbe 150 prosent. Og sjølv om vi som jobbar i dag hadde gjort

det, hadde vi ikkje klart å betene alle kundane våre.

Heilt sidan frisørsalongen flytta til nye lokal på andre sida av gata, har målet alltid vore å ha mellom fire og fem tilsette.

- Mogleg at frisørane her ute forsvinn til byane

Klausen trur fleire frisørar søker seg jobbar nærmere sentrum og litt meir tettbygde plassar, i staden for å reise ut til bygdene for å jobbe. Ho har sjølv reist til Holme og Knarvik for å arbeide tidlegare i karrieren.

- Eg trur det er meir arbeidskraft nærmare byane. Dei har også ein breiare kundemasse, som gjer at ein kan eksperimentere mer i faget.

- Her ute er det meir daglegdage frisyrar å jobbe med.

Synlegheita ein får som ein lokal frisør, er heller ikkje noko alle ønskjer.

- Men eg synest det er litt av sjarmen med å jobbe her ute. No ser vi etter nokon som er komfortable med kundar i alle aldrar.